

Klima og energiplan for Vinje kommune, del 1

Tiltak

Klima- og energiplan Vinje kommune 2010-2013



Argehovdfossen på Møsstrond

Norsk Enøk og Energi AS

Vinje kommune

Innhald

Forord	3
1. Om planen	4
1.1 Viljeserklæring	4
1.2 Hovudmålsettingar i planen	4
1.3 Ansvarstilhøve	5
1.4 Organisering av planarbeidet	6
1.5 Politisk forankring og handsaming	6
2. Mål, strategi og tiltak	
2.1 Næringsliv	
2.2 Bustader og hytter	7
2.3 Jordbruk - og skogbruk	8
2.4 Avfall	10
2.5 Transport	12
2.6 Kommunens eigen verksemd	
2.6.1 Kommunens egne bygg	13
2.6.2 Kommunens eigen transport	14
2.6.3 Kommunale innkjøp	15
2.6.5 Skular og barnehagar	16
3. Kva kan eg som innbyggjar gjere ?	17
4. Aktuell informasjon/linkar	18

Forord

Planen er utforma etter dei rammene som gjeld for programmet "kommunal energi og miljøplanlegging", i regi av Enova, og er forankra i Plan – og miljøutvalet(PLM) sak 08/92.

Formålet med planen er å påverke "politisk og administrativt tenkesett" mot ei berekraftig utvikling gjennom å taka rette energi- og miljøstrategiske val, sikre gode løysingar i nybygg og rehabiliteringsprosjekt i eigen verksemd, samt å arbeide planmessig for energirelatert infrastruktur og næringsutvikling i kommunen. Det er lagt vekt på å få fram strategi, konkrete og realistiske mål, prioriterte tiltak, tidsrammer og ansvarstilhøve.

Planen er to- delt

Del 1: Tiltaksplanen (del1) er laga med bakgrunn i problemstillingane som kjem fram i faktadelen til Klima –og energiplan for Vinje kommune. Tiltaksdelen viser kva for område Vinje kommune kan forbetre seg på og korleis kommunen skal arbeide med klima og energi- spørsmål. Under punktet "Kva kan eg som innbyggjar gjere ?", er det tips til kva den einskilde kan bidra med.

Del 2: Faktadelen(del 2) vurderer historikk og utvikling i energibruk og utslipp, både samla i kommunen og innan ulike sektorar. Energidelen er henta frå "Energiutgreiing Vinje (LEU) 2009" utarbeidd for Rauland Kraftforsyningslag og Vest-Telemark Kraftlag av Norsk ENØK og Energi. Miljødata er henta frå SSB, SFT og nettstaden "Miljøstatus i Norge". Faktadelen omhandlar både offentlege og private bygg, næringsverksemd, transport og energiforsyning. Dokumentet kan nyttast som eit oppslagsverk. I faktadelen er prosess og kven som har utarbeidd planen omtala.

Dette er Vinje kommunes fyrste utgåve av klima –og energiplanen. Dersom ikkje anna er spesifisert, gjeld planens målformuleringar i heile planperioden, dvs. til 2013.

Vinje 8.03.2010

Jan Myrekrok
Prosjektansvarleg

Dorthe Huitfeldt
Prosjektleder

1. Om planen

1.1 Viljeserklæring

“Viljeserklæringa” seier kva for retning kommunen ynskjer at utviklinga skal gå med omsyn til energibruk og klimagassutslipp.

Vinje kommune skal arbeide målbevisst for å oppfylle Stortingets målsettingar om omlegging av energibruk - og produksjon i tråd med energimeldinga, men innanfor det som er realistisk å gjennomføre i ein arealmessig stor kommune.

Kommunen skal halde fram med å leggje til rette for ein sikker og fleksibel energiforsyning basert på optimal utnytting av regionens energikjelder med eit minimum av forureinande utslepp og utslepp av klimagassar.

Kommunen skal nytte føremonene ved å vere ein vasskraftkommune positivt, og bli ein ”grøn” kommune. All bruk av el skal koma frå fornybare energikjelder og vere garantert 100% rein. Dette skal bidra til ei bærekraftig utvikling både miljømessig og økonomisk og marknadsføre Vinje på ein positiv måte.

1.2 Hovudmålsettingar

- 1. Reduksjon av energiforbruket generelt**
- 2. Kommunens eige verksemd skal være eit forbilde på miljøvennlig energibruk og redusere eige forbruk med 10 % innan 2015**
- 3. Redusere utsleppa av klimagassar med 10 % innan 2015**
- 4. Auke bruken av bioenergi med 5 % innan 2015**

1.3 Ansvarstilhøve

Rådmannen har hovudansvaret for at tiltaka blir gjennomført i samsvar med planen der det er synleggjort kven som er delegert ansvaret for å gjennomføre dei ulike tiltaka.

Rådmannen rapporterer årleg til kommunestyret måloppnåing og foreslår nye tiltak for komande år.

Politikarane prioriterar tiltak og syter for løyvingar i samband med budsjetthandsaminga.

1.4 Organisering av planarbeidet

Prosjekteigar:	Plan - og miljøutvalet
Prosjektansvarleg:	Plan- og økonomisjef Jan Myrekrok
Prosjektleder:	ØPU v/Dorthe Huitfeldt

Styringsgruppe

Rådmann Hans Kristian Lehmann
Plan og økonomisjef Jan Myrekrok
Einingsleiar teknisk drift og vedlikehald (TDV) John Kleiv
Næringsjef Toril Nicolaisen

Arbeidsgruppa

Plan og miljøutvalet	v/Lena Romtveit
Rauland Kraftforsyningslag	v/Gunnar Snarteland
Vest-Telemark Kraftlag	v/Arild Hamre
Renovest	v/Kjell Evju
Kommuneingeniør	Tor Eikeland Lunde
Landbruksrettleiar	Thor Christiansen
Skogbruksrettleiar	Lasse Mathisen
Byggesakshandsamar	Halvor Vasshus
Kommuneplanleggjar	Lotte Næss

Det er innhenta innspel frå barnehagar og skular.

Vi har ikkje klart å få med representant for hytteutbyggarane.

NEE v/Håkon Skatvedt har i samarbeid med arbeidsgruppa utarbeidd faktadelen.

1.5 Politisk forankring og handsaming

Plan og miljøutvalet	sak 08/92	Oppstartsak
Plan og miljøutvalet	sak 09/18	Klima - og energiplan - status
Plan og miljøutvalet	17.3.2010	Framlegg til plan
Offentleg høyring:	18.3.2010	Framlegg til plan
Kommunestyret:	15.4.2010	Slutthandsaming

2. Mål, strategi og tiltak

2.1 Næringsliv

Mål

- Betre energieffektivitet i næringslivet med 10% innan 2015, 20 % innan 2020

Strategi

- Fase ut all forbruk av fyringsolje som hovudoppvarmingskjelde innan 2015
- 5 bedrifter i Vinje skal være miljøsertifisert innan 2012
- Etablere ei hyttegrend basert på flisfyrt nærvarme, som pilotprosjekt
- Auke forbruket av lokalproduserte varer
- Bidra til miljøsertifisering av bedrifter som ynskjer det

	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Merknad
1.	Vidareføre ordninga med Enøkfond	Tenestetorget	Fortløpande	Informere om støtteordningar frå Enova og Vinje kommune
2.	Evaluerer av effekten av kommunes Enøkfond	Tenestetorget Næringskontor	2012	Spisse tiltaka mot målsettinga. Samarbeid med Dalen v.g.s
3.	Etablere energieffektiviserings - prosjekt i samarbeid med næringslivet	Næringskontor	Oppstart 2010	Etablere arbeidsgrupper i samarbeid mellom kommunen og næringsorganisasjonene
4.	Kommunen skal arbeide for miljøsertifisering av bedrifter	Næringskontor Tenestetorget	Fortløpande	Informere næringslivet om Miljøfyrtårnordninga og kommunale miljøkriterium i samband med innkjøp
5.	Arbeide vidare med det å nytte berre 100 % rein kraft	Rådmann	2010	VTK/RK utarbeider økonomiske konsekvensar for kommunen
6.	Bidra til å etablere pilotprosjekt knytt til bruk av nærvarme	ØPU/TDV/ Næringskontor	Ved behov	Dersom det kjem slike, skal kommunen bidra for å få dette gjennomført
7.	Betre informasjon til alle	Vest- Telemarkrådet	2010	Etablere fellesinfo om klima og miljø på heimesider VTNU

2.2 Bustader og hytter

Mål

- Redusere totalforbruk av elektrisitet pr. innbygger i hushaldningar med 10 % innan 2015, 20% innan 2020
- Fase ut all forbruk av fyringsolje, parafin som hovudoppvarmingskjelde innan 2020
Auke bruken av ved i bustader og hytter

Strategi

Gjennom aktiv dialog med huseigarar og hyttebyggjarar skal kommunen bidra til at dei beste løysingane blir valde

	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Merknad
1.	Bidra til kunnskapsformidling om energi, enøk og klimagassutslipp i befolkninga	Tenestetorget	Fortløpande	Ha dialog med huseigarar, på kommunens internettside, i media o.a. Leggje ut tips og råd om energisparing og omlegging på kommunens heimeside.
2.	Ta opp energiløysningar med utbyggjarane	Byggesaks-handsamarane	Fortløpande	Pålegge vurdering av alt. oppvarmings-løysingar enn straum.
3.	Oppmode utbyggjarar og byggherrar til å vurdere materialbruk ut frå et livsløps-perspektiv, med vekt på låge utslepp av klimagassar	Byggesaks-handsamarane	Fortløpande	I samband med byggesakshandsaming
4.	Stille krav om vurdering av alternative løysingar i alle reguleringsplanar	Arealplanleggjar, byggesaks-handsamarar	Fortløpande	I oppstartmøte, saksframstillingar, førehandskonferanse og i byggjesaker
5.	Arrangere energidag for huseigarar	Næringskontor	Anna kvart år	Invitere leverandørar av energirelaterte produkt.
6.	Auka fokus på bruk av trevirke i næringsbygga	Næringskontor		Samarbeidsprosjekt mellom HIT, adv Rauland, handverksverksemdar og kommunen

7.	Vidareføre ordninga med Enøkfond	Tenestetorgleiar		Informere kontinuerleg om støtteordningar frå Enova og Vinje kommune
8.	Årleg evaluering av effekten av kommunes Enøkfond	Tenestetorget	2012	Spisse tiltaka mot målsettinga. Evalueringsprosjekt i samarbeid med Dalen v.g.s
9.	Reduksjon av transportbehovet inn som mål tidleg i planlegging av nye bustadfelt	Arealplanleggjar	Fortløpande	
10	Auke rådgevingskompetansen på TDV, ev. på RK og VTK	Vest Telemark-rådet		Samarbeid mellom kommunen og VTK/RK
11.	Auke enøk -kompetanse i Vest-Telemark	Vest Telemark-rådet		Undersøke om dette skal vere i kvar kommune eller om det er noko kommunane kan samarbeide om saman med kraftlaga
12.	Setje inn vedomnar i dei 6 bustadene kommunen skal kjøpe av Fristadsenteret	Rådmann	2010	Då byggjeløyve blei gitt, galdt ikkje kravet om vurdering av alternative oppvarmingskjelder
13.	Vurdere "Enøk-pris" til dei som gjer ein særskild innsats	Tenestetorget		Vurdere om dette tiltak som kan stimulere til auka innsats

2.3 Jordbruk – og skogbruk

Mål

- Auke bruken av bioenergi i Vinje med 5 % innan 2015
- Auke CO₂ bindingen i skog
- Auke bruken av trevirke i nye bygg
- Redusere årlege utslipp av klimagassar frå landbruket
- Høy gjenvinningsgrad på avfall frå landbruket
- Auke produksjonen av lokale matvarer
- Auke delen av lokalproduserte varer

Strategi

Det opprettes prosjektgrupper i samarbeid med landbruksorganisasjonane for å ta ansvar for tiltaka og gjennomføre desse

	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Merknad
1.	Medverke til at landbruks - eidegdommar tek i bruk bioenergi	Næringskontor	Kontinuerleg	Rettleie ved finansiering. Vere fagleg oppdatert
2.	Syte for rask forynging av skogen med tilfredsstillende tettleik etter hogst. Auke fokuset på stell av ungsog	Næringskontor	Kontinuerleg	Bruk av skogfond. Vidareføre tilskot til planting og ungsogpleie. Føremål: Auka binding av CO2 i skog og jordsmonn
3.	Stimulere til auka bruk av tre i offentlege bygningar.	Næringskontor, TDV	Kontinuerleg	Føremål: Eit viktig tiltak i CO2 lagringa
4.	Miljøvenleg jordbruk: Motivere til god agronomi ved grøfing, effektiv bruk av kunst- og husdyrgjødsel, og fornying av eng	Næringskontor	Kontinuerleg	Årleg fagdag. Vidareføre kommunale tilskot til grøfing. Føremål: Auka binding av CO2, redusert utslipp av lystgass
5.	Hyppigare innsamling av landbruksplast	Næringskontor	Kontinuerleg	Motverke til at plast blir brent
6.	Unngå nydyrking av myr	Næringskontor	Kontinuerleg	Ikkje gje kommunalt nydyrkingstilskot til oppdyrking av myr. Føremål: Unngå frigjering av bunde CO2.
7.	Medverke aktivt ved etablering av lokale matproduksjonar	Næringskontor	Kontinuerleg	
8.	Auke bruken av ved	Næringskontor	Kontinuerleg	Marknadsføre ved - produsentar, samarbeid med reiselivsverksemdene
9.	Vedhogst som fysisk aktivitet	Næringskontor/ skogeigarlaga/ folkehelsekoordinator	Årleg	Gimmik: Stimulere til bruk av ved og vedhogst som fysisk aktivitet;
10.	Evaluering av	Tenestetorget	2012	Spisse tiltak mot

effekten av kommunens Enøkfond til private			målsetting. Etablere samarbeid med Dalen vidaregåande skule om årleg prosjekt; søke Enova om midlar
--	--	--	--

2.4 Avfall

Mål

- Redusere utslipp av deponigass frå nedlagt avfallsplass
- Auke sorteringsgraden av hushaldingsavfall til 50% innan 2012, 60 % innan år 2015
- Auke sorteringsgraden av næringsavfall til 60 % innan 2012, 70 % innan år 2015
- Auke sorteringsgraden av hytteavfall til 30 % innan 2012, 50 % innan år 2015
- Redusere avfallsmengdene frå næringsliv, hushald og hytter
- Auke gjenbruk og redusere "bruk-og-kast"

Strategi

Gjennom godt samarbeid i Vest-Telemark og med Renovest, skal ein nå måla knytt til avfallshandteringa i Vinje.

	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Merknad
1.	Etablere biofilter på nedlagt avfallsplass	TDV		Søknad til Fylkesmannen er sendt, purre opp denne og få klarsignal
2.	Betre kjeldesorteringa Bidra til betra haldningar og motivere innbygarane	Renovest		Samarbeide med kommunen om informasjonstiltak, engasjere skuleelevar i temaet, o.l.
3.	Følge opp krav til avfallsplan og avfallsdeponering knytt til byggje –og rivingsløyve i tråd med PBL	Rådmann/ Byggesaks- handsamar	Kontinuerleg	Felles haldning i Vest-Telemarkkommunane Unngå ulovlig avfallsbrenning og dumping i konteinarane. Byggesak må m.a. krevje dokumentasjon på innlevert avfal
4.	Leggje til rette for innsamling av plast i samband med innsamling av landbruksplast	TDV/ Nærings- kontor		
5.	Leggje til rette for betre returpunkt for det ordinære hytteavfallet	Renovset		Stad og løysning avklarast nærmare med kommunen Syte for god informasjon til hytteeigarane

5.	Innføre kjeldesortering for hytter Medverke til haldningar og motivasjon overfor næringslivet	Renovest	2010	Samarbeide med kommunen om informasjonstiltak i samarbeid med næringsliv for å redusere avfallsmengdene og auke gjenvinningsgraden
6.	Stimulere til avfallsminimering, ombruk og mindre "bruk-og-kast"	Renovest	Kontinuerleg	Vurdere mottaksløysingar for utstyr som har vidare bruksverdi. Legge til rette for bytteordningar. Støtte oppunder bruktbbutikk
7.	Arbeide for å innføre spegelvendingsprinsippet for uadressert reklame	Ordførar	Kontinuerleg	Vurdere i samsvar med lovforslaget
8.	Betre tilgjenge til Renovest for avfallslevering	Renovest	2010	Vurdere muligheiter for forbetringar

2.5 Transport

Mål

- Redusere reiser med privatbil der det er mogleg
- Auke talet på reiser med buss
- Auke sykkelbruken der det er mogleg
- Etablere ladepunkt i Åmot, Rauland og Edland innan 2010

Strategi

Arbeide vidare for å realisere planane om høgfartsbanen over Haukeli

Arbeid for å få midlar til betre vegstandard

Syte for godt samarbeid med rutebilselskapa

Syte for godt samarbeid med Telemark fylkeskommune

Arbeide for å få på plass gang og sykkelveggar langs hovudvegane

	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Merknad
1.	Utarbeide plan for betre tilbod for kollektivtransport Fokus på arbeid med høgfartsbanen over Haukeli	Kommunen i samarbeid med Vest-Telemarkrådet	2010	Påverke for å få eit betre kollektivtilbod
2.	Styrke Åmot som strategisk trafikk-knutepunkt	ØPU		Vidareføre arbeidet med trafikk-knutepunktet i Åmot

3.	Vidare satsing på utbygging av gang og sykkelveier	ØPU		Følgje opp årleg løyvingar (kr. 2 mill) Planlegging i samarbeide med Statens Vegvesen. Prioriterte strekningar
4.	Etablere el-ladestasjonar i Åmot. Rauland og Edland	ØPU/TDV	Åmot 2010 Rauland og Edland 2011	Samarbeide med VTK/RK Søke Enova dersom nye tilskott
5.	Oppmode til kameratkjøring	Rådmann/ Folkehelse-koordinator		Som del av Folkehelseprogrammet
6.	Redusert tomgangskjøring	TDV		Sette opp skilt der det er problem
7.	Årleg kampanje for sykling	Folkehelse-koordinator	Innan utgangen av 2010	Som del av Folkehelseprogrammet.
8.	Vidareføre ordninga med trening for tilsette i samband med arbeidstid	Rådmann Vinje Helse		Reduserer småkjøring før/etter jobb Få på plass garderobe/dusj i kommunehuset
9.	Betre tilgangen på ekspertar/spesialistar i Åmot og på Rauland	Næringskontor Aktuelle eningar		Etablere 2-3 kontor
10.	Auke bruken av telefon- og videokonferanse	Alle		Marknadsføre multimediaromet
11.	Vidareutvikle ordninga med heimekontor	Einingsleiarane		For tilsette
12.	Sette fart i arbeid med tilrettelegging for gang og sykkelvegar	Rådmann ØPU TDV		I samband med planlegging og i samarbeid med Vest-Telemarkrådet og Telemark fylkeskommune

2.6 Kommunens eigen verksemd

2.6.1 Kommunens egne bygg

Mål

- Redusere bruken av energi pr. m2 med 10% innan 2015, 20 % innan 2020, frå 2006-nivå
- Installere SD-anlegg(sentral driftskontroll) i større bygg som ikkje alt har dette
- Byggje nye bygg med vassboren varme
- Sette energi- og miljøkrav til nybygg og rehabiliteringar, vurdere materialbruk
- Miljøsertifisere egne verksemd
- All el skal koma frå 100% rein energi

Strategi

Vinje kommune vil halde fram arbeidet med å redusere energiforbruket i bygningsmassen og sitt totale energiforbruk

	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Merknad
1.	Opprette system for energioppfølging innførast for hele bygningsmassa	TDV/ Vaktmeistrane	2011	Organisering og rapporteringsrutinar. Det praktiske arbeidet gjerast i samband med brannvern - rundar. Samarbeide med VTK/RK
2.	Oppdatere Enøk-permar, lage vedlikehaldsplan	TDV	2011	Utarbeide rammesøknad for heile bygningsmassa og planlagde nybygg. Enova gjev støtte opp til kr. 100.000 til utarbeiding av plan, der målet er 20% reduksjon innan 2020. Planen er grunnlaget for investeringsstøtte frå Enova.
3.	Arbeide vidare med at alle kommunale bygg nyttar 100 % rein energi	Rådmann	2011	Opprinnelsesgaranti: Kontakt med VTK/RK for å få dette på plass. Informere bedrifter
4.	Innføre kjeldesortering i alle kommunale bygg	Rådmann/ TDV/ Eningsleiarane		Haldningar og motivasjon til alle tilsette
5.	TDV skal oppmode FOBE om kurssamarbeid knytt til ENØK og utslepp	TDV	Fortløpande	For driftspersonell i Vest-Telemark -kommunane
6.	Sette energisparing i	TDV/	Fortløpande	For tilsette og brukarar

	fokus på bruk byggene	Vaktmeistrane/ Einingsleiarane		Slå av alle ljøs i rom som ikkje er i bruk
7.	Bytte ut eldre VA-pumper med nye, energieffektive.	TDV		Ved behov for vedlikehald / utskifting, etter vedlikehaldsplan
8.	Delta i Vest-Telemark-nettverket FOBE (Forum for Offentlege Bygg og Eigedommar)	TDV	Fortløpande	Samla sett har nettverket mykje kunnskap
9.	Starte arbeid med miljøsertifisering av eigne bygg	TDV	2010	

2.6.2 Kommunens eigen transport

Mål

- Redusere kommunal transport med 20% innan 2015

Strategi

Alle tilsette i Vinje kommune skal gjennom gode haldningar medverke til å redusere behovet for køyring med bil

	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Merknad
1.	"Smarte arbeidsreiser"	Rådmann/ Alle einingar		Oppfordre til kameratkjøring, nytte kollektivtransport o.a Syte for å ha fleire møte dersom ein skal på reise Ha fokus på organisering av arbeidet der også reduksjon tal køyrde km pr år er teke med i planar.
	Oppmode til å gå/sykle for dei som har moglegheit, kampanje som oppstart	Rådmann/ OAI/v Bedriftshelsetenesta/ Folkehelsekoordinator	2010	Vurdere stimuleringstiltak Vurdere om dette kan vere del av bedriftshelsetenestetiltak?
2.	Byte til meir energivennlege bilar	ØPU	Fortløpande	Vurdere energivennlege bilar ved innkjøp
3.	Auke bruken av videokonferanser	Alle	Fortløpande	Marknadsføre multimediaromet .

	og telefonmøte.			Oppfordre til telefonmøte
4.	Auka bruk av heimekontor	Aktuell einingar		Vurdere om det er tilsette som har arbeid som er egna til å arbeide heime i frå

2.6.3 Kommunale innkjøp

Mål

- Vinje kommunes mål er å setje fokus på miljø og gjere meir miljøeffektive innkjøp, og syte for at miljøomsyn er ivareteke ved inngåing av nye rammeavtaler

Strategi

Vinje kommune skal så langt det er mogleg, velje produkt som kan dokumentere miljøvennleg framstilling og bruk, samt lave livsløpskostnader.

Miljøkriteria skal innarbeidast i anbod

	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Merknad
1.	Bidra til å vidareutvikle innkjøpsreglementet m.o.t. påverknad på miljø og livsløpskostnader og auke medvitet i organisasjonen	ØPU	Fortløpande	Velje miljømerka produkt, lokalprodusert mat, miljøsertifiserte leverandørar, - så langt praktisk mulig.
2.	For å sikre best mogleg miljøkompetanse held vi oss oppdatert om det som skjer og er aktivt med på å utvikle eit best mulig interkommunalt innkjøpsarbeid.	ØPU	Fortløpande	Ta omsyn til regjeringa sin handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp.
3.	Miljøvern er et viktig kriterium for BTV Innkjøp i vårt innkjøpsarbeid. Alle anskaffelser skal foregå innanfor rammene til fylkeskommunenes krav til helse, miljø og sikkerhet.	ØPU		Plan –og økonomisjefen informerer einingsleiarene om krav for innkjøp

2.6.4 Skular og barnehagar

Mål

- Auke medvitet om klimagassutslipp og bærekraftig forbruk hjå elevar og tilsette

Strategi

Alle barnehagar og skular skal framleis ha naturen som ein viktig læringsarena.

Ved å setje fokus på klima, energi og miljøspørsmål kan barnehage og skule vere med på å bidra til at born og unge får gode haldningar. Ei viktig oppgåve er å vise kva ungane kan bidra med, slik at ein skapar optimisme for framtida.

Skulane og barnehagane har ansvar for at klima- og miljøspørsmål blir lagt inn i årsplanar og gjennomførte i tråd med dei lokale og sentrale føringane som ligg i læreplanverket/rammeplan.

	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Merknad
1.	Konkrete tiltak som gjeld klima og energi skal innarbeidast i barnehagane og skulane sine planar	Einingsleiarane		Innarbeidast i årsplanar Deltaka i aktuelle nasjonale tiltak. Døme: Energikampen Regnmakerene (Enova)
2.	Alle barnehagar og skular skal kjelde - sortere alt avfall	Einingsleiarar		Det må lagast system for og innførast når dette er på plass
3.	Gjennomføre temaarbeid om klima og energi	Einingsleirane		I barneskulen og ungdomsskulen
4.	Gjennomføre enøktdag i ungdomsskulane	Einingsleirane		I samarbeid med t.d. VTK/RK, Renovest eller andre samarbeidspartar
5.	Gå / sykle til skulen	Folkehelsekoordinator		Berre for skular og barnehagar der dette er forsvarleg ut frå trafikktryggleikomsyn

3. Kva kan eg som innbyggjar gjere ?

Mål

- Kommunen skal oppmode og inspirere innbyggjarane til klimavennleg forbruk
- Innbyggjarane skal bidra til å redusere klimagassutsleppa i Vinje kommune

Strategi

Auke medvete om klimagassutslipp og bærekraftig forbruk hjå innbyggarar og næringsliv

Tiltak

Nedanfor har vi lista opp døme på kva den enkelte kan gjere for å redusere energibruk og klimagassutslepp

Transport

- Bruk sykkelen eller gå
- Reis fleire saman i bilen eller nytt kollektivtransport når dette er mogleg
- Byt til miljøtilpassa bil som brukar lite drivstoff eller byt til elbil når det blir mogeleg å velje slike bilar
- Redusere reiser med fly

Bustad

- Set ned temperaturen inne med ein til to grader. Lågare temperatur inne krev mindre energi. Ein grad ned reduserer energibruken til oppvarming med ca. 5 %. Finn ut korleis di oppvarmingskjelde kan brukast så effektivt som mogeleg
- Byt ut parafinkamin og panelomnar med klimanøytral oppvarming som pellets-kamin, reintbrennande vedovn, varmpumpe eller solvarmeanlegg.
- Reduser varmetapet i bustaden ved hjelp av isolasjon, tetningslister og tilpassa ventilasjon
- Skal du byggje nytt hus, vurder lågenergi.
- Vel energieffektive elektriske apparat. Kjøp miljømerkte produkt, og sjå på energimerkinga på kvitevarer
- Bruk mindre straum: Slå av lyset når du ikkje treng det, og skift til sparepærer (LED- pærer)
Slå av elektriske apparat, også standbyfunksjonen

Avfall

- Gjenbruk og gjenvinn gamle ressursar. All råvareutvinning og produksjon krev energi og fører til utslepp
- Sorter avfallet slik renovasjonsselskapet krev

Mat

- Vel kortreist mat

4. Aktuell informasjon/linkar

Kommunale støtteordningar:

www.vinje.kommune.no

Enova:

For private:

<http://hjemme.enova.no/sitepageview.aspx>

For næringsverksemdar:

<http://naring.enova.no/naring>

For skular/barnehagar:

<http://www.regnmakerne.no/>